



### Leiande i landet i høve nytt utstyr for oksygenbehandling

Med 17 nyetableringar, er Behandlingshjelpemiddel (BHM) i Helse Førde HF er den eininga i Norge som er kommt lengst i høve til å gå over til «Homefill – Anlegg» for fylling av oksygenflasker i heimen til dei som får oksygenbehandling utanfor sjukehusa. Dette inneber at ein kan avslutte faste leveringar av oksygenflasker frå helseføretaket. Tiltaket har og ein miljøgevinst ved at ein sparar køyring med «oksygenbilen» på kryss og tvers i Sogn og Fjordane.

For brukarane betyr dette at dei får utlevert ein oksygenkonsentrator med ei ekstra kompressoreining som blir brukt til å fylle bærbar oksygenflasker. Ein styrer oksygenbehandlinga sjølv og er ikkje avhengig av faste flaskeleveringar eller støyande batteridrevne utstyr. Brukarane får ei lydlaus transportabel oksygenforsyning som ikkje krev batteri. Tiltaket medfører og at ein sjølv kan sikre sin beredskap av oksygen ved skadar/hindringar i infrastrukturen ved til dømes ekstremver, ras og strømbrot.



BHM i Helse Førde HF har deltatt i eit nasjonalt prosjekt for anbod på oksygenutstyr. Det har medført at seksjonen har fått førstehands kunnskap om alt nytt utstyr som er tilgjengeleg i marknaden. Gjennom prosjektet har ein tileigna seg erfaringsbasert informasjon, som har vore avgjerande for tilrettelegginga for nyskapinga med fylling av oksygenflasker i eigen heim.

### Har skipa ungdomsråd

Nasjonalt har [Barneombodet](#) fått fleire innspel frå ungdom på sjukehus som opplever at helsetenesta ikkje tek i vare og legg til rette i høve denne gruppa sine behov. Mellom anna viser erfaringar at born frå 14 år ofte blir innlagt i vaksenavdelingar. Barneombodet har derfor presisert overfor sjukehusa at ein er å rekne som born fram til fylte 18 år. Ungdom har spesielle behov, og Barneombodet peikar på at det må leggest til rette slik at dei får reell medverknad.

Med dette som bakgrunn og utgangspunkt fikk [Barneavdelinga](#) og [Psykisk helsevern for barn og unge \(PBU\)](#) i Helse Førde HF etter søknad tildelt såkornmidlar (som skal stimulere til pasienttryggleiksarbeid og kvalitetsutvikling) til prosjektet: «*Brukarmedverknad for barn og unge i Helse Førde*». Prosjektet starta våren 2016.

Arbeidsgruppa hadde representantar frå Helse Førde HF, og [Felles Brukarutval i Sogn og Fjordane](#). I september 2017 gikk den første samlinga i Ungdomsrådet av stabelen. Hausten blei nytta til å bli kjende, utarbeide køyrereglar og reflektere kring moglege saker og arbeidsmåtar. Til no har rådet hatt fire laurdagssamlingar, kvar på omlag fem timar. Ungdomsrådet er takksame for innspel frå alle dei som nyttar helsetilboda i Sogn og Fjordane.



På biletet ser ein Ungdomsrådet på samling ved Lærings- og meistringscenteret i Helse Førde HF. Frå venstre ser ein Petter Frantzvåg Ratvik (koordinator), Glenn Tore Kimsås, Sunniva Alfine Leivdal, Frida Nishanthi Galaasen, Kamilla Rivedal og Gunhild Jorunn Falkevik (koordinator).

## Lovendringar styrkar born sine rettar



Med verknad frå 1. januar 2018 er borns rett til å få informasjon og bli høyrte når dei får behandling, tatt inn i pasient- og brukarrettighetslova. Det er og innført unntak fra helsepersonell si plikt til å informere foreldre eller andre som har foreldreansvar når tungtvegande omsyn til bornet talar mot. Unnataket gjeld uavhengig av alder, og kan til dømes hjelpe born som vegrar seg for å fortelle om vald og overgrep fordi dei fryktar straff frå foreldra.

Borns rett til å bli høyrte når andre gir samtykke til helsehjelp på deira vegne er og tydeleggjort ved at dei skal bli spurt frå dei er i stand til å danne seg eigne meningar om helsehjelpa. Dette skal gjelde seinast frå dei fyller sju år. Etter fyllte 12 år, skal deira meiningar tilleggst stor vekt.

I dag har helsepersonell plikt til å ivareta mindreårige born til foreldre (pasientar) med alvorlege helseproblem. No er plikta utvida slik at ein og skal ivareta mindreårige søsken. Ein får og plikt til å ivareta mindreårige born som er etterlatte etter foreldre, og søsken.

## Mestring når livet utfordrar

[Nettverk for læring og meistring i Helse Vest](#) har «*Brukarane sine behov i sentrum – Likestilling av fag- og erfaringskunnskap*» som overordna «ledestjerne». Nettverket er finansiert via midlar frå [Helse Vest RHF](#). Dei tre første åra har [Helse Fonna HF](#) fått ansvar for å leie nettverket. Fredag 25. mai inviterer nettverket til fagdag under fana «[Mestring når livet utfordrar](#)».

[Nasjonal kompetansetjeneste for læring og meistring innen helse \(NK LMH\)](#), er medarrangør. På fagdagen presenterer dei [håndbok for Mestringstreff](#), delar erfaringar, og gir gode råd.



## Nye filmar for kompetanseheving i helsepedagogikk



Som eit ledd i arbeidet med å bygge ei «verktøykasse» til støtte for kompetanseheving i helsepedagogikk, har Nasjonal kompetansetjeneste for læring og meistring innen helse (NK LMH) nylig laga tre filmar som tar føre seg ulike sider ved et godt samarbeid mellom brukarar og fagpersonar:

- [«Fagkunnskap og erfaring – vi er mer troverdige sammen»](#)
- [«Jeg og min historie, vi i vår situasjon – om roller i brukermedvirkning»](#)
- [«Det er deres liv det handler om – tanker om hvordan ivareta brukere»](#)

Filmene kan vere nyttige som verkty for å sette i gang diskusjonar, både i kurs- og undervisningssamanheng. Dei kan og ha verdi i samhandling og kompetanseoverføring mellom sjukehus og kommunar. Filmene kan visast fritt, så lenge dei ikkje blir nytta til kommersielle føremål, eller blir modifisert.

***Vi vil gjerne få ønske alle våre samarbeidspartnarar ei riktig god påskehøgtid !***